



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

SIM

slamtømming

Mai 2007

Informasjon om slamtømming for heilårs- og fritidsbustader i **Bømlo** kommune

Omtrentleg framdriftsplan

Alle som mottok dette bladet er registrert med septiktank og kan venta besøk av slambilen etter følgjande oppsett:

Veke	Køyrerute
18 - 21	(bilen følgjer opplista hovudveg m/sideveggar) Mosterhamnområdet - om Skimmeland, Grindheim, Totland - Espeland
21 - 22	Espeland - Håvik - Siggjarvåg
22 - 25	Siggjarvåg - Foldrøyhamn - Stokkabekken - Rubbestadneset
25 - 26	Rubbestadneset - arm Aga og Agasøster - Rolfsnes
26 - 28	Stokkabekken - Hollund - Urangsvåg - arm til Sæverudsøy og Helgeplass - Brandasund - Katla
28 - 29	Laurhammer - Gåsland - Habbestad - Sjøvoll
29 - 33	Sæverud - Økland - arm Nesse - Meling - Hiskjo - Halleråker
33 - 36	Stavland - Svortland - Gilje krets - Sakseidteen. Finnåsområdet - arm til Bærøy
36 - 38	Våge - arm til Steinsvåg og Vornes - Lykling, arm til Tverborgvik og Helvik - Sele sør - Grutle
38 - 40	Grutle - Holme - Langevågområdet

Kontakt slambilen, telefon 415 39 648, dersom du vil vita meir nøyaktig kva tid din slamavskiljar (tanke) skal tømmast.



Slamtømming i Bømlo

SIM tømmer septiktankar i Bømlo kommune i vekene 18-40, 2007. I dette bladet finn du all informasjon du treng om tømminga, og råd og tips knytt til det å ha septiktank. I samband med tømming vil tanken bli kontrollert for tekniske manglar/feil, og det vil bli sett etter synlege forureiningsproblem med utslepp/sandfiltergrøfter m.m.

Viktig å vita om septiktanken

Ny tank står for tur. Renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få gjennomført tømninga.



Visste du at ...

... slambilen i snitt hentar ut 300 kg avvatna slam frå kvar septiktank?

Etter føresegnene skal septiktanken for hus tømast annakvart år, og fjerdekvart år for hytter. Hordaland Miljørens AS utfører jobben for SIM. Det er viktig at tanken vert tømt ofte nok, slik at avløpsvatnet ikkje får renna over og skapa ureining.

Dette skjer i tanken

Avløpsvatnet renn sakte gjennom septiktanken. Dermed får tunge partiklar tid til å søkka til botnen, medan lette partiklar og feitt flyt

til overflata. For å auka denne effekten, og motverka støytvis medrivning av slam mot utløpet når t.d. oppvaskmaskin, vaskemaskin, dusj og do er i bruk samstundes, er kummen delt i fleire kammer med gjennomløp i ulik høgd.

Miljøfordelar

Septiktanken samlar opp partiklar i avløpsvatnet slik at dei ikkje kjem ut i bekker og vatn, eller tettar infiltrasjonsgrøfta, dersom ein har ei slik. Ved regelmessig tømning av septiktanken kan ein oppnå følgjande reinseeffekt:

Organiske stoff ca. 20-30 prosent
Fosfor ca. 5-10 prosent
Nitrogen ca. 5 prosent

Dersom ein har infiltrasjonsgrøft eller sandfiltergrøft i tillegg til tanken, vert reinseeffekten endå betre.


Naudtømming

Ekstratømming utanom ordinær rute kan tingast hjå SIM og vert fakturert for seg. Prisen for ekstratømming er i 2006 kr. 1 990 inkl. mva. (tankar mellom 0-4 kubikk). SIM garanterer at tanken skal vera tømt seinast 24 timar etter at kunden har meldt ifrå.


Spyling av tette røyr

Hordaland Miljørens AS kan tilby spyling av tette røyr. Også dette kostar ekstra (les meir på side 4).


Prinsippet i ein septiktank med tre kammer:



Volumet i ein septiktank er vanlegvis 4 m^3 ($3 + 0,5 + 0,5$), og avløpsvatnet brukar ofte fleire døgn gjennom tanken. Storleiken bør i alle høve vera slik at opphaldstida for vatnet vert minst 9-10 timar.



Etter kvart som tida går, og slammethoppar seg opp, får vatnet mindre opphaldstid i tanken. Færre partiklar vert avsette, og meir slam vert ført mot utløpet. Dermed aukar ureininga i utløpsvatnet etter kvart.



Når tanken er full, er reinseeffekten lik null.

Slik føregår slamtømminga

Kunden skal bli varsla i god tid før tømning, slik at han kan gjera nødvendige førebuingar.

Fastbuande: Kvar husstand får skriftleg varsel i postkassen om lag ei veke før slambilen kjem.

Hytteegarar: Får tilsendt skriftleg tømmevarsel om lag ein måned før tømning.

Dersom kunden går over frå privat septiktank til offentlig avløp, eller gjer andre endringar i abonnementet, skal han melde frå til SIM.

Sjølve tømninga

Innhaldet i septiktanken vert soge opp i slambilen. Der vert tørrstoffet skilt ut, og vatnet ført tilbake til septiktanken.

Renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få gjennomført tømninga.

Kontroll av anlegget

I samband med tømninga vert det utført ein visuell kontroll. Dersom det vert observert feil på tanken, vil kunden verta varsla av SIM eller kommunen. Dei mest vanlege feila er:

- tanken har dårleg lok
- «dykk» manglar
- tanken har tett utløp
- tanken lek
- utløpet lek
- tett filtergrøft



Renovatøren set pris på at septiktanken din er merka med gards- og bruksnummer.

Kva skjer med slammet?

Slammet frå septiktanken er berre minimalt nedbrote og vert køyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svartasmoget for kompostering i rankar. Slamkomposten vil bli brukt til å avslutta deponiet med.



Her er tanken markert med ein pinne og det er lett for renovatøren å finna fram.

Dette ynskjer me at kunden gjer før tømning:

- Grav fram loket dersom det ikkje ligg ope i dagen, men **ikkje** ta av loket.
- Merk loket med gards- og bruksnummer (bruk gjerne varsellappen).
- Marker evt. tanken med ein pinne eller liknande, slik at renovatøren finn fram.



Slammet vert køyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svartasmoget for kompostering i rankar.



Dersom me ikkje finn septiktanken, legg me att ei melding der me ber kunden om å kontakta tømmebilen.

Om skade på privat eigedom

Dersom renovatøren skulle vera uheldig og påføra private vegar, gjerde, hekkar o.l. skade under slamtømminga, pliktar han å setja dette i stand for eiga rekning. Huseigar må melde frå om evt. skade så snart som råd (sjå kontaktinformasjon på baksida av bladet).

Problem med slamanlegget

1 Septiktanken er full

Ta av loket og sjekk om det er mykje fast slam/masse på toppen. Kontakt i tilfelle SIM, eller ring Hordaland Miljørens AS på vakttelefon 90 10 03 42.

2 Røyra mellom huset og tanken er tette

Dette kan løysast ved å spyla gjennom røyra. Hordaland Miljørens AS tek også denne typen oppdrag. Dersom det ikkje er rett fall på røyra, eller dersom det ikkje er bend på innløpsrøret som fører avfallet ned i tanken, kan utløpsrøret gå tette.

For dei som har infiltrasjonsgrøft, er det svært viktig at septiktanken blir tømt regelmessig. Dersom det går mykje partiklar ut av tanken, kan grøfta bli tetta igjen. Dette gjer at spillvatn frå septiktanken ikkje kjem ut.

Dersom nivået i septiktanken står høgare enn utløpsrøret, kan dette tyda på at utløpsrøret er tette.

3 Kloakklukt i huset

Etterfyll vasslåsane i vaskar og slukar. Vasslåsane kan tørka ut



pga. varmekablar eller lite bruk. Ved å fylla til dømes matolje i slukane, vil olja leggja seg som ei hinne over vatnet og forseinka fordampinga frå vasslåsen.

4 Kloakklukt utomhus

Kontrollér om det er montert lufting av kloakken i huset. Lufting av kloakk går normalt over taket. Ved spesielle værtilhøve kan lufting over tak føra til vond kloakklukt sjølv om luftinga fungerer. Dersom det er tilfelle, kan ein ta av røret i luftehatten og montera ein spesialventil. Ein slik ventil tilfører nødvendig luft ved tapping og liknande og hindrar luktutslepp. Kontakt røyrleggjar for nærare informasjon.

Anna aktuelt frå SIM

Bosdunken skal heim

Kvar abonnent har ansvar for å få dunken sin heim etter tømning. Spar dei som bur i nærleiken av henteplassen for å irritera seg over bosdunkar som vert ståande i dagevis.

Ikkje stapp dunken

Ikkje stapp avfallet fastare i dunken enn at den lett kan tømmost (jmf. føresegnene). Fyll heller ikkje meir oppi enn at loket kan lukkast eller "muleband" knytast. Sjåførane køyrer ikkje tilbake for å tømma halvfulle dunkar.

Farleg avfall

White spirit, lim- og lakkrestar, olje og anna flytande, farleg avfall må ikkje kastast i avløpet, men leverast til miljøsentralen. Medisinrestar skal til apoteket. Farleg avfall som kjem ut i naturen er til skade for menneske, dyr og miljø.

Opningstider Bømlo miljøsentral i Hollundsdaalen

Tysdagar og torsdagar kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00
Pinseaftan stengt.

Kontaktinformasjon for slamtømminga

Slambilen: Tlf. 415 39 648
Hordaland Miljørens AS: Tlf. 56 19 20 80
Vakt: Tlf. 901 00 342



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as